

Bergen, 22.09.2025

Plan- og bygningsetaten,
Juss og tilsynsavdelingen
Bergen kommune

Spørsmål kring Falkangervegen 235, (g.nr./br.nr. 179/3).

Me syner til PBE sin sakshandsaming av ulovleg fylling på g.nr./br.nr. 179/3.

Kort historikk:

Kommunen har lenge vore kjend med at desse massane er overskuddsmassar frå skogsbilveianlegget Veten rundt. Dette har grunneigar erkjent både under høyringa i regi av UFKN/UMBY 25.09.2024, og i brev til PBE datert 23.06.2024(vedlegg 1). I nemnde brev presiserar grunneigar at fyllinga kun ligg *midlertidig*, og at det vart rekna med at eigar dermed ikkje var pliktig til å søka.

PBE v/saksbehandler Marie Hesjedal gir pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt, datert 28.05.2025(vedlegg 2). Vedtaket lyder bl.a.:

*“Vi pålegger dere at fyllingen må fjernes.
Fristen for retting settes til 1. september 2025”*


Spørsmål til sakshandsaminga:

Me har ved våre synfaringar observert at fyllinga *ikkje* er fjerna, og at massane derimot er spreidd utover eit større areal enn utgangspunktet, og dekkja med jord. Dette syner óg dokumentasjonen som kommunen har henta inn. Me har varsla PBE om utviklinga ved gjentatte høve, seinast aug.-25. Til tross for dette uttalar PBE i e-post av 04.09.2025:

“Dokumentasjon på rettingen av fyllingen er mottatt og vurdert til å være tilstrekkelig, og pålegget er dermed oppfylt”. (Vedlegg 3).

I denne sammenhengen vil me gjerne ha svar på nokre spørsmål:

1. Vurderer PBE saken slik at pålegget om fjerning av fylling samsvarar med å la fyllinga ligga, og at pålegget dermed er oppfylt?
2. I NIBIOs gårdskart er eigedomen registrert som innmarksbeite:



Me syner difor til Jordlova § 9;

“Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida”.

<https://lovdata.no/lov/1995-05-12-23/§9>

Samt NIBIOs definisjon av dyrkbar jord:

<https://www.nibio.no/tema/jord/arealressurser/dyrkbar-jord>

3. Er det søkt om løyve til midlertidig eller varig omdisponering av jordbruksareal, jf. Jordlova §9?

4. Er det søkt til avd. for landbruk om bakkeplanering av landbrukseigedom til jordbruksformål(t.d. nydyrking), og er denne i så fall óg vurdert etter plan- og bygningslova og forureiningsforskrifta, kap. 4?
5. Flyfoto de siste ára indikerer at eigedomen har fått tilført massar ulike stader, som til saman utgjer over 1 dekar. Har PBE vurdert krav om reguleringsplan?
6. Kva for ei arealklasse har området no?
7. Jordmassane som er lagt på toppen av fyllingane; kvar kjem desse frå?
8. Er det ein plan for tiltaket som syner drenering og vassvegar?
9. Kva for eit føremål hadde planeringen?

I tillegg ber me om kopi av vedtaka fra Avd. for landbruk og PBE i denne saka.

Me håpar de har høve til å svara på dette; og i kva grad de vurderer vidare sakshandsaming, eller ser på saka som avslutta.

Mvh

Naturvernforbundet Hordaland